



Arkivsaknr: 2026/1334-1
Sakshandsamar: Kristin Moe
Avdeling: Oppvekst

SAKSFRAMLEGG

Barnehage- og skulebruksplan – Organisering og prosess for vidare arbeid

Utvalssak	Utval	Møtedato
7/26	Utval for levekår	10.02.2026
Kommunestyret		

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- 1) Utval for levekår vert peika ut som styringsgruppe for prosessen med vidare arbeid, og skal ha ansvar for politisk forankring, fastsetjing av overordna premissar, involvering og oppfølging av framdrift i tråd med vedtak frå utval for levekår 27. Januar 2026.
- 2) Som del av den vidare utgreiinga vil kommunedirektøren vurdere behov for justering av ny fase 2 i barnehage- og skulebruksplanen i lys av kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Ny fase 2 vil kunne innehalde tiltak frå fase 1 som ikkje er gjennomført, tiltak frå gamal fase 2 og nye tiltak som er greidd ut i samband med saksførebuande arbeid.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Utval for levekår

Saka skal til vedtak i Kommunestyret

Saka kjem tilbake til utval for levekår i mai, med framlegg om tiltak som blir sendt til høyring. Foreslått høyringsperiode er 19.05-30.09.26.

Etter gjennomført høyringsperiode og medverknadsprosess blir saka sendt til uttale i Ungdomsråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Utval for levekår samt til innstilling i Formannskapet. Endeleg vedtak i saka blir fatta av kommunestyret 26. november 2026.

Saka gjeld

Alver kommune arbeider med oppfølging av barnehage- og skulebruksplanen som del av eit langsiktig arbeid for å sikre berekraftige og forsvarlege tenester innan oppvekstsektoren. Kommunedirektøren har presentert framlegg til tiltak knytt til struktur barnehage og skule, og foreslått at saka blir lagt ut på høyring.

I møte 27.01.2026 vedtok utval for levekår å sende saka tilbake til administrasjonen, med bestilling om å gjennomføre nokre endringar i saksdokumentet før ho vart lagt ut på høyring.

Utvalet peika særleg på behov for betre forankring i kommuneplanen sin samfunnsdel, meir konkrete og integrerte vurderingar av barnets beste, samt ei meir heilskapleg konsekvensutgreiing av samfunnsmessige verknader og alternative løysingar.

På bakgrunn av diskusjon og vedtak i utval for levekår er det vurdert å vere behov for å avklare organisering, rollefordeling og prosess for vidare arbeid før ny saksutgreiing vert sett i gang. Saka blir difor løfta til kommunestyret for avklaring om utval for levekår skal fungere som ei politisk styringsgruppe for prosessen, samt om kommunedirektøren blir gitt høve til å fremje endring i planstrukturen i vedtatt barnehage- og skulebruksplan.

Samandrag

Utval for levekår vedtok i møte 27.01.2026 å sende saka om barnehage- og skulebruksplan fase 2 tilbake til administrasjonen, med krav om ny saksutgreiing før saka eventuelt blir lagt ut på høyring.

Kommunestyret vert i denne saka beden om å ta stilling til korleis det vidare arbeidet skal organiserast, og korleis politisk styring, administrativ utgreiing og framdrift skal leggjast opp i tråd med vedtaket.

Kommunedirektøren rår til at Utval for levekår blir styringsgruppe for prosessen, med ansvar for politisk forankring, fastsetjing av premissar, involvering og framdrift. Kommunedirektøren vil ha ansvar for å gjennomføre ei ny saksutgreiing av alternative løysingar, med tilhøyrande konsekvensvurderingar. Endeleg vedtak i saka skal gjerast av kommunestyret.

Saksopplysningar

På bakgrunn av debatt og vedtak i utval for levekår 27.01.2026 har kommunedirektøren førebudd vidare arbeid i saka.

Føremål med saka

Føremålet med denne saka er å sikre ei tydeleg og legitim politisk styring av prosessen vidare, samstundes som kommunedirektøren sitt ansvar for fagleg og forsvarleg utgreiing vert klårt avgrensa. Vidare skal saka leggje til rette for ein open og inkluderande prosess, der politiske organ får eit godt og balansert grunnlag for seinare vedtak.

Saka tek ikkje stilling til konkrete strukturtiltak eller framtidig barnehage- og skulestruktur, men er avgrensa til å omhandle organisering og prosess for vidare arbeid.

Denne saka inneber ikkje ei politisk omlegging av vedteken barnehage- og skulebruksplan, men tek stilling til organisering og saksutgreiing, inkludert behov for å vurdere planstruktur og faseinndeling i lys av kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Organisering – Utval for levekår som styringsgruppe

Kommunedirektøren rår til at utval for levekår blir styringsgruppe for prosessen med ny saksutgreiing av neste fase av barnehage- og skulebruksplanen. Ei slik organisering vil sikre politisk forankring og eigarskap til prosessen, samstundes som rollene mellom politisk nivå og administrasjonen vert tydeleg avklara.

Som styringsgruppe skal utval for levekår fastsetje overordna mål, politiske premissar og føringar for arbeidet, godkjenne prosessplan og framdrift, samt følgje opp vedtaket frå 27.01.2026. Utvalet skal vidare sikre involvering og politisk forankring gjennom prosessen.

Kommunedirektøren sitt ansvar

Kommunedirektøren har ansvar for å gjennomføre ei ny saksutgreiing i tråd med vedtaket frå utval for levekår og dei politiske premissane som blir fastsette. Dette omfattar utgreiing av fleire realistiske alternative løysingar, gjennomføring av heilskaplege konsekvensvurderingar og vurdering av økonomiske, faglege og samfunnsmessige verknader.

Kommunedirektøren skal vidare sikre at vurderingar av barnets beste blir integrert i saksutgreiinga, og at saka samla sett gir eit grunnlag for politisk handsaming og seinare vedtak.

Framdrift

Kommunedirektøren rår til at det vert lagt opp til ein framdrift som gjer det mogleg å leggja saka fram for politisk handsaming våren 2026. Eventuell høyring skal først gjennomførast etter at politisk nivå har vurdert at saka er tilstrekkeleg greidd ut, både når det gjeld innhald, konsekvensvurderingar og prosess.

I saksførebuande arbeid er følgjande politiske framdriftsplan skissert:

10.02.26	Utval for levekår	Prosess og organisering
12.02.26	Kommunestyret	Prosess og organisering
10.03.26	Utval for levekår	Møte i styringsgruppa
14.04.26	Utval for levekår	Møte i styringsgruppa
05.05.26	Utval for levekår	Møte i styringsgruppa
19.05.26	Utval for levekår	Handsame framlegg om å sende sak på høyring
19.05 - 30.09.26	Høyringsperiode	
Veke 36 og 37	Folkemøte	Dialogmøte i aktuelle skulekrinsar
13.10.26	Utval for levekår	Møte i styringsgruppa
09.11.26	Ungdomsråd	Uttale endeleg vedtak
09.11.26	RMNF	Uttale endeleg vedtak
10.11.26	Utval for levekår	Uttale endeleg vedtak
12.11.26	Formannskap	Innstilling endeleg vedtak
26.11.26	Kommunestyret	Endeleg vedtak

Involvering og medverknad

Det skal leggjast opp til ein brei involveringsprosess som er tilpassa saka sitt omfang og konsekvensar. Utval for levekår skal som styringsgruppe godkjenne rammene for involvering, medan administrasjonen har ansvar for planlegging, gjennomføring og dokumentasjon av medverknaden.

Det er planlagt å gjennomføre evalueringsmøte knytt til dei strukturiltaka som vart gjennomført hausten 2025. Til desse møta vil representantar frå elevar, tilsette, foreldre, ungdomsråd, kommunalt foreldreutval og organisasjonane bli invitert.

Vidare er medverknadsmøte med barn og unge planlagt gjennomført i februar og mars månadar, slik at resultatet kan presenterast i saka når den kjem tilbake til politisk handsaming i april. I denne prosessen blir elevråd, ungdomsråd inkludert.

I høyringsperioden er det planlagt å gjennomføre dialogmøte i aktuelle krinsar for strukturendringar.

Barnets beste vurderingar

Kommunedirektøren skal sikre at vurderingar av barnets beste vert gjennomførte i tråd med gjeldande lovverk og nasjonale føringar. Vurderingane skal vere konkrete, heilskaplege og integrerte i saksutgreiinga, og omfatte konsekvensar for læringsmiljø, tryggleik, tilhøyrse, reiseveg, skyss, sårbare grupper og medverknad frå barn og unge.

Forankring i kommuneplanen sin samfunnsdel

Den nye saksutgreiinga skal vere tydeleg forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel. Overordna mål og strategiar for oppvekst, levekår, berekraft, tenestekvalitet og tettstadutvikling skal leggjast til grunn for vurdering av alternative løysingar. Forankringa skal vere synleg og dokumentert i saksframstillinga.

Oppfølging av vedtatt barnehage- og skulebruksplan

I barnehage- og skulebruksplanen for Alver kommune som vart vedtatt av kommunestyret hausten 2024 vart det skissert innhald som skulle inngå i fase 2 av planen. I hovudsak er tiltaka knytt til investeringsprosjekt og utgreiingsarbeid i form av mogleighetsstudier som skulle gjennomførast i perioden 2025-2030.

Følgjande innhald i høve til fase 2 vart vedtatt i kommunestyret 24.10.2024:

«Kommunestyret vedtar å setje i gang arbeid med mogleighetsstudier og konseptfase i samsvar med tilråding frå kommunedirektøren, og etter oppsett framdriftsfase for fase 2.

Tabell 4:

År for gjennomføring	Barnehage/skule
2025-2028	Vurdere 1-10 skule eller ny barneskule på Manger. Mogleighetsstudie.
2025-2029	Tilbygg og oppgradering av Knarvik ungdomsskule.
2025-2028	Ny Meland ungdomsskule. Konseptfase.
2025-2028	Vurdere ny skule på Eikanger/Fyllingsnes. Mogleighetsstudie.
2027-2029	Vurdere 1-10 skule på Lindås. Mogleighetsstudie.
2028-2029	Vurdere å flytte Vestbygd skule til Rossland (etter at ny ungdomsskule på Frekhaug står ferdig). Mogleighetsstudie.
2028-2030	Vurdere 1-10 skule på Ostereidet. Mogleighetsstudie.

Kommunestyret bed kommunedirektøren om å sikra tomt til ny framtidig skule på Eikanger/Fyllingsnes, og å leggja dette inn i relevante planar.»

Den økonomiske situasjonen til kommunen tilseier at det vil vere vanskeleg å finansiere fleire investeringsprosjekt knytt til oppvekst i dei komande åra, og at det difor kan vere behov for å utsetje framdrifta som er presentert i tabellen over.

Auka innsparingskrav for sektoren bidrar til at det kan vere aktuelt å vurdere fleire strukturendringar enn det som er vedtatt i barnehage- og skulebruksplanen. Dette kan til dømes gjennomførast ved at vedtatt fase 2 i planen blir utsett i tid og at det blir etablert ein ny fase 2 med framlegg til tiltak som kan gjennomførast innafor ei kortare tidsramme. Innhaldet i eksisterande fase 2, presentert i tabellen over, kan overførast til ny fase 3.

Ei eventuell justering av planstruktur og faseinndeling vil vere del av den vidare utgreiinga, og vil bli lagt fram for politisk vurdering før eventuelle konkrete strukturtiltak blir sendt på høyring.

Økonomiske rammer og samspel med formannskapet

Den nye saksutgreiinga skal ta utgangspunkt i dei økonomiske rammene som ligg til grunn for innsparingskrava i oppvekstsektoren. Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval. Dersom vedtak i utval for levekår viser at det ikkje er mogleg å svare ut dei økonomiske rammene, skal dette leggjast fram for formannskapet til politisk avklaring før vidare handsaming.

Vurdering frå kommunedirektøren

Kommunedirektøren vurderer at organiseringa som er foreslått gir ei tydeleg rollefordeling mellom politisk nivå og administrasjonen, følgjer opp vedtaket i utval for levekår og legg til rette for ein open, etterprøvbar og tillitskapande prosess. Dette er særleg viktig i ei sak som har stor betydning for barn, familiar, tilsette og lokalsamfunn i Alver kommune.

For å realisere innsparingskrava som ligg i vedtatt budsjett- og økonomiplan er det behov for å gjennomføre meir omfattande innsparingstiltak enn det som låg til grunn for saksbehandlinga då barnehage- og skulebruksplanen vart vedtatt i 2024. Tiltaka som er vedtatt for fase 2 i planen vil i stor grad føre til auka kostnader til kommunen, i form av moglegheitsstudier, tilbygg og nybygg.

Det er usikkert når kommunen vil få eit økonomisk handlingsrom til å gjennomføre større investeringar knytt til skulebygg, og kommunedirektøren ser difor behovet for å kunne skyve på tiltaka frå fase 2 over i ein ny fase 3. Kommunedirektøren vil presentere mogelege strukturtiltak i ny fase 2. Ny fase 2 vil kunne innehalde tiltak frå fase 1 som ikkje er gjennomført, tiltak frå gamal fase 2 og nye tiltak som er greidd ut i samband med saksførebuande arbeid.

Eventuelle endringar i skulestruktur vil ha direkte konsekvensar for elevar, føresette, tilsette og organsiering av skuleskyss. Kommunedirektøren vurderer difor at eventuelle endringar bør setjast i verk i samband med nytt skuleår, tidlegast august 2027. Ut frå dette vil det vere

mogleg å ha ein lengre høyringsperiode enn tidlegare skissert i saka, og endeleg vedtak kan fattast i november 2026. Ved å setje av ein lengre tidsperiode for handsaming av saka, vil det også vere rom for å gjennomføre fleire møte i politisk styringsgruppe (utval for levekår) i tidsrommet mars til oktober. Kommunedirektøren vurderer at dette vil gje eit betre grunnlag for medverknad undervegs i saksarbeidet.

Eventuell høyring skal først gjennomførast etter at politisk nivå har vurdert at ny saksutgreiing er i samsvar med bestillinga frå utval for levekår, vedtatt den 27.01.2026.

Framlegg til vedtak

- 1) Utval for levekår vert peika ut som styringsgruppe for prosessen med vidare arbeid, og skal ha ansvar for politisk forankring, fastsetjing av overordna premisser, involvering og oppfølging av framdrift i tråd med vedtak frå utval for levekår 27. Januar 2026.
- 2) Som del av den vidare utgreiinga vil kommunedirektøren vurdere behov for justering av ny fase 2 i barnehage- og skulebruksplanen i lys av kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Ny fase 2 vil kunne innehalde tiltak frå fase 1 som ikkje er gjennomført, tiltak frå gamal fase 2 og nye tiltak som er greidd ut i samband med saksførebuande arbeid.

Vedlegg

- 1 Plansak kommunedelplan, barnehage- og skulebruksplan fase 2, tiltak struktur sendt til høyring
- 2 Vedlegg nr. 1 - Vurdering av kva som vil vere til det beste for barn og elevar
- 3 Vedlegg nr. 2 Framlegg til forskrift om skulekrinsar Alver kommune
- 4 Vedlegg nr. 3 Høyringssnotat Barnehage og skulebruksplan fase2 2026
- 5 Saksprotokoll Plansak kommunedelplan, barnehage- og skulebruksplan fase 2, tiltak struktur sendt til høyring